



Det kongelige kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Deo  
0032 OSLO  
[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

**Dykkar ref.**  
201200556-hcj

**Vår ref.**  
12/439-5/ 12/4996/A10, &13/HVA

**Dato:**  
Manger: 04.05.2012

## HØYRING AV NOU 2012:1 TIL BARNAS BESTE - NY LOVGIVING FOR BARNEHAGANE

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 06.02.2012.

Radøy formannskap handsama høyringsuttale frå Radøy kommune i møte 3. mai 2012, sak 047/12, og gjorde samrøystes slikt vedtak:

Radøy kommune vil gje følgjande uttale til NOU 2012:1 Til barnas beste:

KS har i sin uttale peika på at framlegget presenterer ei statleg detaljstyring av barnehage-sektoren som kan svekka kommunen sitt høve til å nytta personale og andre ressursar på ein måte som er tilpassa lokale tilhøve. Mange av desse regelskjerpingane som utvalet foreslår, hevdar dei ikkje medfører auka kostnader. Grunngevinga er at lova alltid skulle forståast slik utvalet legg opp til, kommunane har urettmessig spart pengar i alle år. Denne typen argumentasjon vert stadig vanlegare frå staten si side. Einaste effekt slike tiltak har, er å auka forventningspresset blant brukarane utan å ha nokon innverknad på samla tenesteproduksjon.

Barnehagesektoren er no den tredje største kommunale sektoren, og den sektoren som scorar suverent best i brukarundersøkingar. Ein årsak til dette kan vera at Noreg nyttar langt større ressursar på sektoren enn gjennomsnittet i OECD-landa. Då verkar det merkeleg at i denne situasjonen vil staten innføra reglar som fører til ein enno meir omfattande ressursbruk i sektoren. Auka ressursar i barnehagesektoren fører til trongare rammer i andre sektorar.

Rådmannen er, etter å ha lese alle endringsframlegga, reguleringane, føringane og sementeringane som ligg i denne NOUen, sterkt i tvil om det verkeleg er "Til barnas beste" å nytta så stor del av det offentlege sine ressursar til barnehagedrift. Gode barnehagar er viktige for barna sin oppvekst, men det er faktisk også gode skular og gode tilbod til barn & ungdom elles.

Med helsing

Jarle Landås (sign)  
rådmann

Leif Taule  
Ass. rådmann